



'Gamleredaktøren' Ola Matti Mathisen fyller 75 år i dag. Bilete syner gjennomgang av pressebilete frå inn- og utland.

**Redaksjonen gjer med dette eit unnatak når vi i dag sender ei helsing til Ola Matti Mathisen på 75 års dagen. Matti si redaksjonelle line var nemleg at det ikkje skulle skrivast om personalia, ikkje frå fødselsdagar og ikkje nekrologar. Ola Matti Mathisen, som på Lillehammer vert omtala som eit pressehistorisk fenomen, er for tida på eit trenings- og rekonvalesentopphald på Hauglandssenteret. Vi reknar med at 75 årsdagen vert markert i Sunnfjord.**

Anne Margrethe og Ola Matti Mathisen kom til Uskedalen og vart fastbuande i 2005. Matti gjekk inn i drifta av Uskedalen.no i 2006 og gjorde det han lova, nemleg å ha redaktøransvaret i 10 år. Han førte ei streng og profesjonell journalistisk line, lokalt der ikkje noko er for lite og ikkje noko for stort til å koma på trykk. Han held seg unna gravejournalistikk og personalia.

Det kviler eit stort ansvar på den nye redaksjonen å føra vidare det arbeidet Matti la ned for Uskedalen.no i 10 år. Redaksjonen saman med bygdefolket, vener og kjende helsar jubilanten på den store dagen og spelar opp til valsen Livet på Finnskogen.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland